



Røssland framfor Vertshuset etter kjøpet i slutten av juli i fjor. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Målsettingen til den nye eigaren Røssland er å opna Vertshuset 1. mai. Uskedelingen kjøpte det for eit halvt år sidan av Oddvar Myklebust for to millionar kroner og har kome godt i gang med planleggjing og oppussing.**

- Men den siste tida har for vår del gått med til utbyggjing av leiligheiter og drift og utvikling av næringsbygg. Berre innimellom har vi hatt tid til å jobbe med Vertshuset, seier Røssland til uskedalen.no.

Han er eine-eigar av firmaet Verdiutvikling, som har ekspandert sterkt sidan starten i 2003. Røssland starta med renovering av leiligheiter, men har sidan utvida også med totalrehabilitering av større byggar og drift og utvikling av næringsbygg.

- Kva er gjort med Vertshuset sidan du overtok det?

- Heile eigedommen er rydda og stelt og bygget er malt på utsida og innsida. Innvendig er det også gjort ein stor ryddejobb. Der er det også utarbeidd ei ny planløyising. Mellom anna er baren flyta til midten av lokalet. Det er også sett saman eit spekter av materialar og fargar av interiørarkitekt slik at lokalet skal få ein så harmonisk utsjånad som mogeleg.

Vidare er det teikna ei ny planløyising for kjøkken og baderom.

- Kva med planen om leiligheiter på toppen?

- Vi har hatt møte med kommunen om byggjing av ferieleiligheiter på loftet. Responsen var positiv og vi arbeider i desse dagar med ein rammesøknad. Viss den går igjennom, vil vi setja i gang med byggjinga av leiligheitene til hausten.

- Men kva vil skje først?

- Om stutt tid startar vi sjølv byggjeprosessen innvendig i restauranten, og så kjem turen til innreiinga.

- Kven skal drive Vertshuset?

- Det er fortsatt uklårt kven som skal stå for drifta, men vi har nokre namn på blokka.

Eg anmodar alle som kjenner nokon eller som kunne tenkje seg å stå for dridta om å kontakta oss, seier Røsland.

Av Ola Matti Mathisen



Vertshuset i ei vinterleg ramme. (Foto: Ola Matti Mathisen).